

Voggevisse (frå havkanten)

Milde makter bak stjernebru
Veik er ei vesal skute
Vern den vesle mot havsens gru
Far er ombord der ute

Stjerner lys over leia hans
Grunnbrott i natta blinkar
fyll hans augo med stjerneglans
Draugar frå skjeret vinkar

Linne vindar stryk inn frå sør
Skuta på skjeret driver
Kjæl hans sinn, gjev han lagleg bør
Tungt ho i hav seg hiver

Lange, duvande båredrag
Stammen står høgt i veret
Vogg han lint når det lir av dag
Jarnkjølen hogg i skjeret

Vogg han varleg og gjev han fred
Skavlane glefser grådig
Kvil deg, hav, no gjekk sola ned
Gud vere sjela nådig